

Retningslinjer ved tildeling av omsorgsbustad Senior Plaza /Aktivitetscenteret

Definisjon:

Bufellesskap for eldre og funksjonshemma med fast tilknytt personell heile døgnet. Det er 31 leilegheiter ved Senior Plaza, og 7 ved Aktivitetscenteret.

Tenester:

Omsorgsbustad med heildøgns bemanning er tiltak innafor kommunal helse- og omsorgsteneste, og er underlagt Heimetenestene i Vestnes. Har du behov for bistand, blir det fatta vedtak etter Lov om kommunale helse- og omsorgstenester.

Målgruppe:

Eldre, sjuke og personar med funksjonshemming.

Lovverk:

Lov av 24.06.2011 om kommunale helse- og omsorgstenester (hol.)
Lov av 2.07. 1999 om pasient- og brukarrettar (pbrl.)
Lov av 10.02.1967 om behandlingsmåten i forvaltningsaker (fvl.).
Lov om husleigeavtalar (husleielova)

Kven kan søkje:

Eldre, sjuke og funksjonshemma med vesentleg funksjonssvikt, fysisk og/eller psykisk, som ikkje får tilfredsstillande livskvalitet og tryggleik i eigen bustad. Svikta utløyser behov for bustad med heildøgns bemanning.

Vilkår for tildeling:

1. Du er å finne i målgruppa
2. Du har vesentleg funksjonssvikt fysisk og/eller psykisk. Svikta utløyser behov for nær tilgang til hjelpeapparatet.
3. Noverande bustad er vurdert og/eller forsøkt tilpassa til ditt behov, og vurdert ikkje eigna eller formålstenleg å tilpasse meir
4. Du er mottakar av kommunale tenester, eller har privat hjelp, eller kan dokumentere nær føreståande langvarig bistandsbehov.
5. Du er ikkje i kategorien vanskelegstilt grunna rus eller økonomi.
6. Du har budd i Vestnes kommune siste året.

Dokumentasjon skal leggest ved i søknad, eller det skal opplysast kvar vi kan innhente ytterlegare dokumentasjon.

Prioritering:

Når fleire fyller vilkår for tildeling, prioriterer vi etter følgjande:

1. Pleie- og omsorgsbehov
2. Nødvendige tenester
3. Noverande bustad
4. Iverksette tiltak, evaluering

Prioriteringslista er ikkje uttømmeleg, og det blir utøvd skjønn.

Saksbehandling:

Vedtak som gjeld tildeling av omsorgsbustad er enkeltvedtak etter Forvaltningslova § 2. Vedtak skal være skriftleg, og innehalde ei grunngjeving. Grunngjeving skal innehalde ei vurdering av om du fyller vilkår for tildeling.

Klagerett og klagefrist skal vere opplyst.

Driftsleiar for Heimetenestene er overordna ansvarleg for tildeling av bustad.

Tenestekontoret har ansvar for saksutgreiing, og skriv svar på vedtak. Saksbehandlar vil ta kontakt for samtale og/eller heimebesøk, der søknad vert drøfta og noverande bustad vert kartlagt.

Vestnes formannsskap er kommunen sitt faste klageorgan, og avgjer også klager som gjeld tildeling av omsorgsbustader.

Klagebehandling:

Kva kan du klage på?

1. om du fyller vilkår for å bli vurdert for tildeling av bustad
2. om skjønnsutøvinga er brukt feil

Klage skal sendast til Tenestekontoret, Rådhuset, 6390 Vestnes.

Klage kan resultere i at du likevel blir vurdert som aktuell søkjar, og din søknad vil då bli vurdert på lik linje med andre søkarar ved neste utlysing av omsorgsbustad.

Venteliste:

Det blir ikkje oppretta venteliste for søkjarar til omsorgsbustad. Alle omsorgsbustadane blir lyst ut i lokalavisene og på Vestnes kommune si heimeside.

Kontrakt/husleige:

Etter vedtak om tildeling av omsorgsbustad utarbeider bustadkontoret kontrakt. Kontakt bustadkontoret for kontrakt.

Kontrakta vert utforma i samsvar med reglane i Husleieloven